



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Sluttjustering av 2025-budsjettet

Vedlegg

Dokument i saka

- Økonomiplan 2025-2028
- Revidert årsbudsjett 2025
- Rettleiar for budsjettering av investeringar og avslutning av investeringsrekneskapen

Bakgrunn

Med bakgrunn i kommunelova § 14-5 om årsbudsjettets bindande verknad, legg kommunedirektøren fram sak om teknisk sluttjustering av 2025-budsjettet. Saka tek også for seg status på vedtekne investeringsprosjekt, og ein tilrår kor vidt prosjekta skal vidareførast eller avsluttast.

Vurdering

DRIFT

Regjeringa la i oktober fram statsbudsjettet og samstundes revidert anslag for skatteinntekter for inneverande år. Oppdatert prognosemodell viser ei auke i skatteinntekter med kr 1.250.000.

Pensjon

Som omtala i saka om 2. tertial og på budsjettseminar så er auken i pensjonskostnader stor. Det har vore uttalt frå sentralt hald at auken skal bli kompensert fullt ut gjennom rammetilskotet. For Vinje kommune blir under 1/3 av auken kompensert. Me er ein relativt liten kommune, med fleire årsverk per innbyggjar enn store bykommunar. I tillegg har eit høgt inntektsnivå ført til at me har ein høgare ressursbruk enn samanliknbare kommunar, som går fram både av KOSTRA-tal og rapporten frå Agenda Kaupang i 2024 innom helse og meistring. Auken i pensjonskostnader blir såleis høg, og kompensasjonen dekkjer ikkje desse tilhøva. På makronivå

blir auken dekt av rammetilskot, men truleg er det då ei rekke kommunar med høge innbyggartal og ein annan kostnadsnøkkel som vil koma gunstigare ut av denne fordelinga.

I vedteke økonomi- og finansreglement går det fram at pensjonsavrekningar skal bokførast på eit sentralt ansvar for at ikkje dei ulike tenesteområda skal bli omfatta av svingingar dei ikkje har føresetnad for å budsjettere med.

Dei siste åra har årets premieavvik vore inntektsført med eit høgare beløp enn utgifta for amortiserte premieavvik. Eit positivt premieavvik eit år, blir fordelt med 1/7 i utgift dei komande 7 åra. Altså har amortisert premieavvik auka år for år. Nettoeffekten av årets og amortisert premieavvik har betra kommunens rekneskapsresultat med fleire millionar dei siste åra. I 2025 viser ferske prognoser frå KLP at årets premieavvik blir ca. kr 1,5 mill., medan amortisert premieavvik blir over kr 15 mill. Desse postane, i tillegg til arbeidsgjevaravgift på desse, fører til at det blir bokført ei netto utgift i rekneskapen med kr 15,5 mill. Årsaka er samansett, men hovudårsaka er høg bruk av premiefond som kommunen har i KLP, for å lette kommunens likviditetssituasjon. Kommunen fekk tilført over kr 40 mill. frå KLP i år, og me valte å bruke ein god del av dette for å dekke ein høg reguleringspremie. Dersom me ikkje hadde bruka av dette fondet hadde me hatt om lag kr 40 mill. lågare saldo på bankkonto, og det hadde truleg resultert i bruk av kassakreditten på sommaren samstundes som renteinntektene hadde vore om lag kr 1,5 mill. lågare.

Eit relativt lågt premieavvik i år er også svært positivt for dei komande åra, då 1/7 av eit lågare beløp blir lagt til dei komande 7 åra.

Ved starten av året planla me fondsbruk i høve til at årets premieavvik skulle balansere mot amortisert premieavvik. Ettersom reguleringspremien vart ein god del høgare enn fyrste prognose viste, samstundes som me fekk tilført ein god del meir enn førespegla, så viser endelege avrekningar no denne negative nettoeffekten på rekneskapen. KLP viser til at svært mange kommunar nyttar heile saldoen dei har tilgjengeleg på premiefond kvart år, medan i Vinje har me halde att noko, og har som nemnt framleis om lag kr 21 mill. på dette fondet i KLP.

Andre avrekningar knytt til pensjon viser ein positiv effekt på kr 8 mill. Me har kr 15,6 mill. på vårt "interne" pensjonsfond og basert summen av avrekningane nemnt over, så rår kommunedirektøren til at me nyttar kr 7,5 mill. av dette fondet til å dekke dei ulike pensjonsavrekningane for 2025.

Prognose frå KLP for 2026 viser netto avrekningar på kr 2 mill., men er sjølv sagt avhengig av kor høg reguleringspremien blir og kor mykje me ynskjer å bruke av premiefondet neste år. Saldo på fondet er no kr 21 mill., og truleg får me tilført ein del også neste år.

Kraftinntekter

Kommunens kraftinntekter er meir stabile i år enn tidlegare år, ettersom mykje av kraftmengda er sikra og prisnivået har vore meir stabilt gjennom året. Så langt i år er gjennomsnittleg spotpris i NO2 (vårt prisområde) på 74,4 øre/kWh. Dersom ein tek omsyn til at kommunen får tildelt kraft over månadsblokkmodellen (meir volum om vinteren) har korrigert gjennomsnittspris så langt i år vore 74,6 øre/kWh. Oppnådd gjennomsnittspris slik status er per

31.10.2025 viser ein pris på sikringsportefølja på 80,3 øre/kWh. Tek ein også omsyn til den delen som ligg i spotmarknaden er samla gjennomsnittspris på 80,0 øre/kWh.

For året er 84 % av kraftmengda sikra, og forventa netto inntekt kan aukast frå kr 85 mill. til kr 92 mill. Auken på kr 7 mill. blir i stor grad utlikna av etteroppgjæret mellom kommunen og KKST som er omtala i neste avsnitt.

Tal frå kraftlaga viser at straumforbruket innanfor kommunegrensa ligg noko lågare i år samanlikna med 2024. For 2024 enda samla forbrukstal på 132,2 GWh, medan kraftlaga melder om at det på noverande tidspunkt kan ligge an til ein reduksjon på 2 % samanlikna med 2024. Kommunen meldte uttak av særavtale- og konsesjonskraft på totalt 138 GWh i 2025. Denne forbruksreduksjonen medfører at kommunen, gjennom avtale med KKST, må betale tilbake til KKST verdien av forbruksdifferansen (7,8 GWh) målt etter den prisen KKST har oppnådd på si forvaltning av krafta. Ved utgangen av oktober ligg oppnådd pris i KKST an til å bli 82,5 øre/KWh, og samla medfører dette ei potensiell betaling til KKST på om lag kr 5,6 mill.

Helse og meistring

I saka om andre tertial varsla kommunedirektøren om eit betydeleg meirforbruk ved sjukeheimen og heimetenestene. I midten av november er status fylgjande:

- Sjukeheimen har eit meirforbruk på kr 5,7 mill.
- Heimetenestene har eit meirforbruk på kr 5,0 mill.

Kommunedirektøren innstiller på at Helse og meistring får tilført størsteparten av resterande midlar som står att på bufferane basert på fylgjande grunngjeving:

- Lønsbuffer: Her står det att kr 2,2 mill. når effekten av årets lønsoppgjær er fordelt ut på dei ulike tenesteområda. Helse og meistring har hatt utgifter til vikarbyrå med kr 3,7 mill. så langt i 2025, og har framleis bruk for noko bruk av vikarbyrå ved sjukeheimen og Svingen ut året. Kommunedirektøren rår til at lønsbufferen blir omdisponert til å dekke desse utgiftene.
- Prisbuffer: Her står det att kr 1,4 mill. til fordeling. Helse og meistring ser høg prisvekst på utgifter innan medisinsk forbruksmaterieil, matvareprisane har auka kraftig og påverkar kjøkendrift sitt budsjett i stor grad, leasingkostnader har auka kraftig ved overgang til EL, samt høg prisauke på lisensar og programvare.
- Integreringsbuffer: Her står det att kr 800.000. Integreringstenesta sitt budsjett vart nedjustert i tråd med sak i kommunestyret i september knytt til lågare tal på flyktningar i år. Utover denne verksemda er det vaksenopplæringa og andre tenester innan Helse og meistring som har dei høgaste utgiftene relatert til flyktningar. Kommunedirektøren rår til at Åmot skule vaksenopplæringa får tilført kr 300.000 og Helse og meistring får tilført kr 500.000.

Kommunedirektøren rår også til at Helse og meistring får tilført meirinntektene frå skatt og kraft nemnt tidlegare i saka, på totalt kr 2.650.000, då det ikkje vil la seg gjera å hente inn meirforbruket innan årsskiftet.

I tillegg til det omtalte utviklingsverktøyet *Kommunekompasset* (ref. budsjettsaka), så skal kommunedirektøren gjennomføre ei samfunnsøkonomisk analyse knytt til organisering av legetenesta. Alt tyder også på at det er nødvendig å gå grundigare til verks enn Kommunekompasset legg opp til når det gjeld helse- og omsorgstenestene. Som eit umiddelbart tiltak blir det innom enkelte tenesteområde innført stans i overtidsbruk,

vikarinnleige og inndraging av tilsetjingsfullmakter på avdelingsnivå. Av omsyn til ansvar for tenestelevering og kvalitet må ein parallelt gjere risikovurderingar og utøve fagleg skjønn i høve til vikarinnleige og overtidsbruk.

I eit lengre perspektiv lyt ein gå meir i detalj på dimensjonering av dei ulike faga på tenestestadane gjennom økonomisk analyse og bemanningsgjennomgang. Dette vil ein sjå i samanheng med oppdraget knytt til legetenesta.

Kultur, næring og fritid

Kommunestyret vedtok tidlegare i år og forskottare kjøpesummen til trakkemaskiner for IL Rein og Vinje løypelag. Det vart finansiert med totalt kr 6,8 mill. frå næringsfond, medan reine tilskot utgjorde kr 3,15 mill. Resterande skal tilbakebetalast når laga får inn midlar frå andre finansieringskjelder. I haust er kr 2,3 mill. tilbakebetalt og dette bør no tilbakeførast til næringsfondet. Restbeløp på kr 1,35 mill. blir betalt attende i 2026. Budsjettet for 2026 bør korrigerast tilsvarande før saka går til kommunestyret i desember.

Oppsummering drift

Tabellen under viser endringane slik kommunedirektøren rår til:

	Endring
Skatteinntekter	-1 250
Premieavvik og andre avrekningar	7 500
Kraftinntekter Ishavskraft	-7 000
Avrekning KKST	5 600
Kultur, næring og fritid	-2 300
Helse og meistring	2 650
SUM	5 200

Tabell 1

Endringane i tabellen medfører fylgjande endringar:

- Pensjonsfondet blir redusert med kr 7,5 mill.
- Næringsfondet blir styrkt med kr 2,3 mill.

INVESTERINGAR

Me har gått gjennom revidert investeringsbudsjett for 2025, som inneheld opprinneleg budsjett for 2025, revideringar gjennom året, samt prosjekt som er løyvd opp att frå 2024 og tidlegare år. Gjennomgangen viser god kostnadsstyring i prosjekta, og justeringar er hovudsakleg knytt til at prosjekt går over lengre tid og vil halde fram neste år.

Tabellen under syner kva for prosjekt som truleg blir avslutta i 2025 og kva for prosjekt som blir vidareført til 2026. Den viser også kva kostnader ein forventar for resten av året i tillegg til det som er bokført per 03.11.2025. Kolonne for justering av ramme viser kva for prosjekt som blir justert i denne saka, og utgjer ei samla nedjustering på kr 41.915.000. Prosjekt som skal vidareførast til 2026 må løyvast opp att då, og beløpet som må løyvast opp att er kr 43.550.000. Differansen mellom desse skuldast noko oppjustering av prosjekt som blir avslutta i 2025.

I tabellen tyder avvik med negativt forteikn eit mindreforbruk.

Kommentarar til utvalde prosjekt:

- Åmot skule, småskulen: Prosjektet vart nedjustert i 2. tertial, men sluttoppgjeret vart høgare enn føresett og krev noko oppjustering att.
- Kjøp av bustader: Beløpet som står att skal dekke utgifter til kjøp av leilighet i Krontveitfeltet, som truleg skjer i 2026.
- Grunnerverv/detaljprosjektering G/S Austbø: Avventar attendemelding frå fylkeskommunen i høve eventuell oppstart av grunnerverv.
- Bratlandsbygget: Oppgjer og overtaking skjer truleg i fyrste kvartal 2026.

Som det går fram av tabellen vil samla justeringar i denne saka utgjera kr 41.915.000. Denne nedjusteringa medfører fylgjande endringar på finansieringssida:

- Momskompensasjon blir redusert med kr 2.408.000.
- Refusjon frå andre kommunar i høve til investeringsprosjektet sivilforsvaret / beredskapslager er budsjettert med kr 2 mill. Dette vil ikkje bli kravd inn før prosjektet er ferdigstilt og må såleis skuvast til 2026. Dette gjeld også tilskotet på kr 250.000 frå fylket vedkommande trafikksikringstiltak i Øvre Drotning.
- Bruk av konsesjonsavgiftsfondet blir redusert med kr 28.585.760.
- Unytta lånemidlar blir avsett med kr 8.671.240.

Prosjekt som skal vidareførast til 2026 blir justert i tråd med kva ein forventar av kostnader for resten av året. Det kan også hende at nokre prosjekt som blir forutsett avslutta i denne saka må løyvast opp att, dersom ein ikkje får ferdigstilt prosjekta som planlagt før nyttår.

Prosjektnamn	Revidert budsjett	Rekneskap per 03.11.25	Avvik	Forventa kostnader resten av året	Justering av ramme	Kommentar
Datasenter VTDS fellesskap Vinjes andel F120	303 168	215 171	-87 997	85 000	-	Avsluttast
Utstyr heimetenestene og legekontor	191 935	-	-191 935	-	-190 000	Avsluttast
Kullen bak Helsesenteret	250 000	235 156	-14 844	-	-	Vidareførast
Beredskapslager og sivilforsvaret F338	734 361	112 983	-621 378	200 000	-420 000	Vidareførast
Forprosjekt ombygging bankbygget	8 290 918	1 564 017	-6 726 902	300 000	-6 400 000	Vidareførast
Forprosjekt Rauland skule F222	1 008 291	135 194	-873 097	300 000	-570 000	Vidareførast
Åmot skule småskulen F222	19 052 711	20 379 885	1 327 174	670 000	2 000 000	Avsluttast
Forprosjekt Edland barnehage	250 000	246 347	-3 653	-	-	Vidareførast
Norheimstunet F261	24 786 233	11 698 276	-13 087 958	11 000 000	-2 000 000	Vidareførast
Forprosjekt sjukeheim/omsorgssenter Åmot F261	694 660	237 008	-457 652	200 000	-250 000	Vidareførast
Kjøp av Bratlandsbygget F261	24 000 000	-	-24 000 000	-	-24 000 000	Vidareførast
Kjøp av bustader F265	3 043 381	-	-3 043 381	-	-3 000 000	Vidareførast
Utkjøp leasing-bilar	3 000 000	2 742 004	-257 996	-	-250 000	Avsluttast
First responder utrykningskøretøy	1 500 000	1 408 398	-91 603	-	-90 000	Avsluttast
Flaumsikring Edland F332	6 165 715	6 288 111	122 396	-	120 000	Avsluttast
Kommunale vegar beredskapstiltak F332	2 114 860	1 383 000	-731 860	300 000	-430 000	Vidareførast
Grunnerverv og detaljprosjektering G/S Austbø	1 000 000	-	-1 000 000	0	-1 000 000	Vidareførast
Trafikksikringstiltak Drotning	1 374 250	159 733	-1 214 518	0	-1 200 000	Vidareførast
Forprosjekt GS/VA Raulandsgrend	300 000	-	-300 000	0	-300 000	Vidareførast
Bru Sagvegen	543 964	463 439	-80 526	0	-80 000	Avsluttast
GS/VA Rauland sentrum Lega	4 206 370	4 061 511	-144 859	0	-140 000	Avsluttast
Opprusting Lyberg, Kyrkje og Trovassvegen	1 000 000	1 097 054	97 054	15 000	110 000	Avsluttast
Opprusting kommunal veg bustadfelt Åmot	3 300 000	724 448	-2 575 552	2 925 552	350 000	Avsluttast
Bustadfelt Øvre Heddebru / Midtveit	10 000 000	3 801 761	-6 198 239	6 000 000	-200 000	Vidareførast
Forprosjekt overvasshandtering Heddebru-Midtveit	300 000	36 345	-263 655	100 000	-160 000	Avsluttast
Påbygg brannstasjon Rauland	4 200 000	1 999	-4 198 001	1 500 000	-2 600 000	Vidareførast
Vatn ledningsnett generelt F345	691 636	60 222	-631 414	200 000	-430 000	Vidareførast
Rauland renseanlegg line 2 F350	789 153	259 784	-529 370	50 000	-470 000	Vidareførast
Forprosjekt nitrogenfjerning	500 000	111 613	-388 387	100 000	-280 000	Vidareførast
Storegutmonument	200 000	200 000	-	-	-	Avsluttast
Motortrekk Vinjehuset	400 000	364 346	-35 654	-	-35 000	Avsluttast
Verdsarv Rauland sentrum	-	-	-	-	-	Vidareførast
Aktivitetspark Edland F385	3 250 000	2 523 116	-726 884	200 000	-	Vidareførast
	127 441 606	60 510 919	-66 930 687	24 145 552	-41 915 000	

Tabell 2

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

1. Driftsbudsjettet endrast slik det går fram av tabell 1 i saka, som medfører fylgjande endringar i fondsbruk:
 - a. Pensjonsfondet blir redusert med kr 7,5 mill.
 - b. Næringsfondet blir styrkt med kr 2,3 mill.
2. Investeringsbudsjettet endrast slik:
 - a. Prosjekt avsluttast i 2025 slik det går fram av tabell 2 i saka, og prosjekt som ikkje blir ferdige i 2025 skal vidareførast til 2026 slik det går fram av same tabell. Beløp som skal løyvast opp att i 2026 er kr 43.550.000.
 - b. Rammene til dei ulike prosjekta blir justert slik det går fram av kolonne «Justering av ramme» i tabell 2 i saka, og utgjer totalt kr 41.915.000. Tilsvarende blir finansiering endra gjennom:
 - i. redusert momskompensasjon med kr 2.408.000.
 - ii. refusjonar frå kommunar og fylket blir redusert med kr 2.250.000.
 - iii. overføring frå drift til investering (herunder bruk av konsesjonsavgiftsfond) blir redusert med kr 28.585.760.
 - iv. unytta lånemidlar blir avsett med kr 8.671.240.